

Fiskeridirektoratet  
[postmottak@fiskeridir.no](mailto:postmottak@fiskeridir.no)

**SAK 24/2021**  
**REGULERING AV FISKET ETTER ØYEPÅL I 2022**  
**INNSPEL FRÅ PELAGISK FORENING**

Me viser til Forskrift om regulering av fisket etter øyepål i 2021 § 2, som seier at det kan fiskast øyepål frå og med 1. april til og med 31. oktober.

Mange fartøy har fiska lite eller ikkje noko øyepål i år. Noko av årsaka er den spesielle situasjonen for makrell i år.

Manglande avtale med UK har ført til at fiskarane har hatt fullt fokus på å fiska makrellkvotane sine. Makrellfisket har òg tatt vesentleg lengre tid enn tidlegare år, og pågår enno.

Tidlegare år har norske fiskarar hatt lov til å fiska øyepål i EU-sona i november. Pga. Brexit og manglande avtale med UK er ikkje det mogeleg i år. Det er uvisst om det blir signert avtale med UK for 2022.

Det er difor ønskeleg med utviding av fiskeperioden. Pelagisk Forening ber difor om at Fiskeridirektoratet vurderer å forlenga fiskeperioden for øyepål til minimum ut november. Som eit absolutt minimum bør det vurderast å auka fiskeperioden for deler av området.

Pelagisk Forening har inntrykk av at fiskeperioden har vore den same i mange år, og at grunngevinga er at det det erfaring har vist at det er større fare for innblanding seint på året.

Pelagisk Forening meiner at dersom det er frykt for innblanding som er årsaka til at det ikkje er lov til å fiska øyepål etter utløpet av oktober så kan heller fisket stengast dersom det viser seg at det er mykje innblanding av andre artar.

Fiskeperioden har vore den same i mange år, og det kan ikkje utelukkast at tilhøva har endra seg. Langvarig lik regulering bør difor ikkje vera til hinder for å utvida lovleg fiskeperiode. Dersom det er ulike innblanding i ulike farvatn bør det vurderast ulike reglar for ulike område.

Pelagisk Forening meiner òg at lovleg bifangstprosent for sei og hysa bør aukast, for fartøy som er egna og utrusta til å ta vare på bifangsten. Det kan nemnast at kvotane, for sei og hysa, ikkje plar bli fiska opp.

Bergen: 25.10.21

Pelagisk Forening/  
Pelagisk Servicekontor AS



Ask Økland  
Advokat



Mariann Frantsen  
Dagleg leiar